



# Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Møterom, Ulvik herad, Sentrumsbygget  
Dato: 24.10.2024  
Klokkeslett: 18:00 – 21:30

## Tilstades på møtet

### Medlemmer:

Atle Ulgenes, Stig Yngve Røkenes, Kåre Olai Solheim, Johannes Sponheim,  
Katrina Kvåle Hellesnes

### Forfall:

Referent/dagleg leiar: Ole Rune Røkenes

## Saker:

**28/24: Meldingar**

**29/24: Orientering v/styreleiar**

**30/24: Orientering v/dagleg leiar**

**31/24: Oppsummering etter villreinjakta 2024**

**32/24: Gjeremål 2025 (vedlikehald, prosjekt, fiskekultivering m.v.)**

**33/24: Eventuelt**

Publisert: 18.11.2024

## Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Atle Ulgenes/s/

Stig Yngve Røkenes/s/

Katrina Kvåle Hellesnes/s/

Kåre Olai Solheim/s/

Johannes Sponheim/s/

## 28/24: Meldingar

### Saksdokument:

#### Postjournal:

- 2024.13.05-652.1. Vestland fylkeskommune - Avslag på søknad om tilskot til utsett av fisk, Ulvik SA
- 2024.16.05-354.0. NVE - Høyring i samband med bygging av master for fiberkabel v/Langavatnet, Ulvik SA
- 2024.21.05-354.0. Ulvik fjellstyre - Høyringssvar i samband med bygging av master for fiberkabel v/Langavatnet, Ulvik SA
- 2024.28.05-362.1. Statskog - Uttale vedr. flytting av bod nærare hovedhytte, Finsebyen 67. Ingen merknader.
- 2024.28.05-362.1. Statskog - Fasadeendring, innsetjing av 2 nye vindauge, Rallarvegen 240. Ingen merknader.
- 2024.29.05-012.1. Ulvik fjellstyre - Møtebok frå møte i Ulvik fjellstyre den 22.05.2024
- 2024.11.06-440.0. Ulvik fjellstyre - Uttale til Ulvik herad om fiskeforvaltning i Ulvik statsallm.
- 2024.12.06-012.1. Røldal fjellstyre - Møtebok frå møte i Røldal fjellstyre den 27.05.2024
- 2024.12.06-362.1. Statskog - Fasadeendring, innsetjing av nye vindauge - Finsebyen 54. Ingen merknader
- 2024.18.06-001.5. Villreinnemnda for Hardangervidda - Informasjon om villreinjakta på Hardangervidda, 2024
- 2024.19.06-434.4. Ulvik herad - Køyreløyve Sandå - Lågheller, villreinjakta 2024. Per Are Halstensgård
- 2024.20.06-434.4. Ulvik herad - Køyreløyve Sandå - Lågheller, villreinjakta 2024. Marius Kongsland
- 2024.20.06-612.5. Hardangervidda villreinutvalg - Forslag om fredingssoner på HV, jakta 2024
- 2024.19.06-434.4. Ulvik herad - Landingsløyve for helikopter, utstyr, (1 dag) Kaldavasshytta, august 2024, Jostein Minde
- 2024.27.06-434.4. Ulvik fjellstyre - Grunneigars tillatelse, landingsløyve for helikopter, Kaldavasshytta, 1 dag, utstyr, J. Minde
- 2024.01.07-652.1. Ulvik fjellstyre - Søknad til Vestland fylkeskommune om utsetjing av fisk i Kaldavatni, over 10 år
- 2024.03.07-001.5. Hardangervidda villreinutvalg - Referat frå møte i villreinutvalget, 6 juni.
- 2023.04.07-652.1. Vestland fylkekommune - Løyve til utsett av fisk i Kaldavatni, 2024,2026,2028 v/hyttestyret Kaldavasshytta
- 2024.18.07-434.4. Ulvik herad - Køyreløyve Finse-Grjotrøst, 2 turar aug-sept, material,utstyr. Arne Os
- 2024.18.07-434.4. Ulvik herad - Løyve til innkøyring av minigravar frå Rallarvegen til Finsebyen 61, (UIO) arb v. 30, Ulf Hansen
- 2024.18.07-434.4. Ulvik herad - Løyve til landing med helikopter, Finsebyen 61 (UIO), 23.07, Ulf Hansen
- 2024.22.07-001.5. Villreinutvalet for Nordfjella - Informasjon om villreinjakta 2024
- 2024.24.07-434.4. Ulvik herad - Køyreløyve Finse - Slirå, 2 turar juli-aug, tranport materialar til Slirå vaktarbustad, Ø.Simonsen
- 2024.24.07-434.4. Ulvik herad - Køyreløyve Finse - Slirå, 2 turar juli-aug, tranport materialar, bos ut, Slirå Rallarbrakke, R. Eskeland
- 2024.22.07-001.5. Villreinutvalet for Nordfjella - Referat frå møte i villreinutvalget, 12. juni.
- 2024.06.08-434.4. Ulvik herad - Køyreløyve Sandå - Lågheller, 2024-2027. Melcon as, vedlikehald Rallarvegen (oppdrag Bane Nor)
- 2024.07.08-652.1. Ulvik fjellstyre - Avtale mellom Ulvik fs og hyttetilsynet Kaldavasshytta, flytting og utsett i Kaldavatni.
- 2024.06.08-434.4. Ulvik herad - Landingsløyve helikopter, Finse skisenter, 2 turar v33,transp material til toppen av trekket A. Skjøthaug
- 2024.13.08-434.4. Ulvik herad - Avslag på søknad om køyreløyve Finse - Lågheller ifm villreinjakta 2024
- 2024.13.08-434.4. Ulvik herad - Køyreløyve Sandå - Fagernut, 1 tur 9-23.8, transp av material vedlikeh Fagernut, J. Kolskår.
- 2024.28.08-612.5. Hardangervidda villreinutval-Rapport om kalveteljing på Hard.vidda, juni 24
- 2024.29.08-035.2. Ulvik fjellstyre - Brev til Statskog, utbetaling av sluttbeløp, ny utedo i Dyrhola.
- 2024.11.09-016.0. Statsforvaltaren i Vestland - Varsel om oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan på Hardangervidda
- 2024.17.09-434.4. Ulvik herad - Avslag på køyreløyve Finse - Lågheller ifm villreinjakt, K. U. Hansen
- 2024.17.09-434.4. Ulvik herad - Køyreløyve Sandå - Lågheller veke 39, bil og atv ifm feiing av fritidsbustader, Vestnorske feietjenester
- 2024.20.09-362.1. Statskog - Nabovarsel Finsebyen 47, oppgradering av eldre hytte - Kristian T. Børsheim
- 2024.24.09-362.1. Ulvik fjellstyre - Uttale til Statskog - Finsebyen 47, oppgradering av eldre hytte - Kristian T. Børsheim
- 2024.03.10-001.4. Ulvik herad - Referat frå møte i Finseforum den 27.09.2024.
- 2024.03.10-001.4. Ulvik fjellstyre - Uttale til Finseforum vedr mogeleg etablering av 5G-dekning på Dyrhaugane, Ulvik sa.
- 2024.09.10-612.5. Hardangervidda villreinutval - Ny forvaltningsplan og merking av villrein

### Saksutgreiing:

Orientering v/dagleg leiar om saker og meldingar sidan sist møte i fjellstyret den 22.05.2024 og fram til møtedato.

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

---

### Referat:

Stig Y. Røkenes stilte spørsmål kvifor ingen frå Ulvik fjellstyre har delteke på møta i september i Finse Forum og i Rallarvegrådet. Når leiar meldte forfall, vart heller ikkje nestleiar varsla. Leiar beklaga dette og vil hugse på å varsle nestleiar ved eventuelle forfall til møter seinare.

### Vedtak (sak 28/24):

Styret tok gjennomgangen til etterretning, med overnevnte merknader.

## **29/24: Orientering v/leiar**

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

Orientering v/leiar.

### Framlegg til vedtak:

---

### Referat:

Leiar orienterte om:

- Referat frå møte i Finse Forum, 27.09.2024.
- Leiteaksjon i sommar etter sakna person på Finse. Eidfjord Røde Kors hjelpekorps fekk låne båt av Ulvik fjellstyre til bruk på Finsevatn. Fjellopsynet monterte i sommar ny kodeboks på naustet for enklare tilkomst til båten. Koden må kun vera intern hjå fjellstyret, og berre formidlast ut til andre etter avtale.

- I samband med fornying av konsesjonsvilkåra for Sima, herunder gjeldande for Ulvik statsallmenning, har ikkje Ulvik fjellstyre vorte varsla om deltaking. Leiar vil likevel følge opp med Statkraft når det gjeld tidlagre planar om båtutsett på Rundavatn, flytting av konsesjonsfisk frå Langavatnet til Rundavatnet, og ynskje om jamnare vannstand på Rundavatnet som sikrar tilkomst med båt inn i statsallmenningen.
- Informasjonsfoldar til Ulvik fjellstyre er ferdig. Distribusjon av foldaren gjenstår, styret vil gjera dette.
- Utsett og innhenting av lavvo ved Langavatnet ifm sommarsesongen.
- Leiar har bora hol i båten i Dyrahola og fått ut vatnet i denne. Båten har dobbelt skrog og var full av vatn etter ein skade i baugen. Fjelloppsynet tek med egna tetningsmasse for reparasjon til neste sesong.

#### Vedtak (sak 29/24):

Styret tok orienteringa til etterretning.

### **30/24: Orientering v/dagleg leiar**

#### Saksdokument:

- Rapport, bygging av ny utedo i Dyrahola, juli, 2024.

#### Saksutgreiing:

Orientering v/dagleg leiar om drift og økonomi. Orientering om arbeider i felt gjennom sommar og haust. Orientering om bygging av ny utedo i Dyrahola.

#### Framlegg til vedtak:

---

#### Referat:

Dagleg leiar orienterte om:

##### **Økonomi:**

- Status pr 21.10.2024.

##### **Bygningar og vedlikehald:**

- Gjennomgang av rapport om bygging av ny utedo i Dyrahola.
- Beising av naustet ved Kvilinganutvatnet
- Utbetring av inngangsdør og opprydding i Rundavassbu
- Tilsyn Finsebu
- Stengerunde av hytter i første veka i oktober.

**Oppsyn:**

- Gjennomført fiskeoppsyn, jaktoppsyn villrein og småviltoppsyn.
- Innkomne fiskerapportar med antal og snittvekter. Det er få rapportar som vert sendt inn til fjellstyret. Dagleg leiar sjekkar med Inatur om det fins moglegheit for «tvungen rapportering» i samband med kjøp av fiskekort.

**Saker:**

- Uttale om etablering av 5G mobildekning på Dyrhaugane i Ulvik statsallmenning. Dagleg leiar har sendt ein uttale til sekretær for Finse Forum. Fjellstyret stiller seg positiv til at Telenor etablerer mobildekning på Dyrhaugane. Det er uklart om planane vert realisert no då eigartilhøve for anlegget på Dyrhaugane fyrst må avklarast.
- Overtaking og opprusting av eldre hytte på Finse, v/K. Børsheim
- Jf vedtak i fjellstyret (28/23) vart det før sommarsesongen signert avtale mellom Ulvik fjellstyre og hyttestyret ved Kaldavasshytta om utsett/flytting av inntil 1500 fisk over ein periode på 10 år.
- Kort orientering om båtvrakprosjektet. Ulvik fjellstyre «påmeldt», men har til no ikkje arbeida aktivt med dette.

Vedtak (sak 30/24):

Styret tok orienteringa til etterretning.

**31/24: Oppsummering av villreinjakta 2024**Saksdokument:Saksutgreiing:

Orientering v/dagleg leiar om villreinjakta for Hardangervidda villreinområde og Nordfjella villreinområde. Gjennomgang av fellingstal for begge villreinområda for Ulvik. Totale fellingstal ligg pr no ikkje føre.

## Hardangervidda:

	Kalv	1,5 år	2,5 år og eldre	Sum
Hanndyr			3*	
Hodyr				
Sum			<b>3</b>	<b>3</b>

\*Dyra er felt i Rauland statsallmenning (samjaktavtale)

Nordfjella:

	Kalv	1,5 år	2,5 år og eldre	Sum
Hanndyr	2		1	
Hodyr	1			
Sum	<b>3</b>		<b>1</b>	<b>4</b>

Framlegg til vedtak:

---

Referat:

Dagleg leiar gjekk gjennom fellingstal for jakta 2024, fellingstal for Ulvik på Hardangervidda villreinområde og Nordfjella villreinområde. Det er ingen felte dyr av innanbygdsjeprar på Hardangervidda. Det er ikkje felt dyr på Osafjellet sør for Rallarvegen og Moldåni innanfor Hardangervidda villreinområde. Her er det berre utanbygdsjeprar som har jakta. Det er felt 3 dyr på Rauland i samband med samjaktavtale mellom Ulvik og Rauland fjellstyre.

## **FELLINGSRESULTAT I NORDFJELLA VILLREINOMRÅDE JAKTA 2024**

**Sone 2:**

	Hol	Aurland	Ulvik	SUM
Bukk vaksen	13	13	1	27
Bukk 1 ½ år	3	-	-	3
Bukkekalv	-	1	2	3
Simle vaksen	5	-	-	5
Simle 1 ½ år	-	-	-	0
Simlekalv	-	1	1	2
<b>SUM FELT</b>	<b>21</b>	<b>15</b>	<b>4</b>	<b>40</b>
Fellingskvote	41	28	11	80
Felt % av kvote	51,2 %	53,6 %	36,4 %	50,0 %

Endeleg fellingsresultat for Hardangervidda villreinområde ligg ikkje føre pr no, men det ein har kjennskap til pr no, er ei felling på ca. 400 dyr.

Vedtak (sak 31/24):

Styret tok orienteringa til etterretning.

## **32/24: Gjeremål 2025 (vedlikehald, prosjekt, fiskekultivering m.v.)**

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Gjennomgang v/dagleg leiar og styreleiar på fjellstyret sine hytter og bygg, herunder status og behov for arbeider i 2025. Utanom mindre vedlikehaldsarbeider, er det er særskilt 2 av hyttene, Dyrahola og Rundavassbu som bør prioriterast med tanke på ei større oppgradering i 2025. Memorgebu har også problemer med vass- og snøinntrenging, men omfanget er ikkje veldig stort, og tiltak her kan setjast fram i tid.

**Rundavassbu:** Bua ligg flott til med lett tilkomst med båt på Rundavatnet. Den har gjennom sommaren i år vore hyppig i bruk av både fiskarar og jegrar. Dagleg leiar gjort ein del mindre vedlikehald i sommar. Inngangsdøra er utbetra, nye trekk på madrasser, vask og opprydding. Fjellstyret har lenge hatt planar om tiltak for å hindre vassinntrenging frå bakveggen og inn i hytta. Særskilt skjer dette gjennom vårløysinga. I tillegg fyk det inn ein del snø inn i hytta gjennom vinteren. Dersom dette utbetningsarbeidet på dette vert sett i gang, bør ein også samstundes få til ei oppgradering av hytta innvendig, med bygging av enkel kjøkenbenk, nytt bord, og noko nytt utstyr. Fjellstyret søkjar om eksterne midlar til dette arbeidet.

**Dyrahola:** Hytta var ny i 1988. Det er no behov for skifte kledning, vindauge og inngangsdør som er frå hytta var ny. Når ein set i gang med dette, må også dei innvendige takbjelkane skiftast ut då dei kan innehalde kreosot. For å få dette til, må heile taket takast av (torvtak). Etter at takbjelkane er skifta ut, må taket leggjast på nytt. Samstundes med dette arbeidet bør ein også vurdere ei innvendig oppgradering av hytta med nytt kjøkken, beising av veggjar etc. Arbeidet er omfattande og kostnadskevande. Det er naudsynt at fjellstyret søkjar om eksterne midlar til dette arbeidet. Det er ikkje tegn til lekkasjar i bygget. Ein ser det derfor som forsvarleg at arbeidet kan venta, men likevel utførast innanfor 2-3 år, dvs innan 2027.

### **Tynningsfiske/prøvefiske i Søre Grøndalsvatnet:**

Det er kome framlegg frå leiar om gjennomføring av prøvefiske/tynningsfiske i Søre Grøndalsvatnet, sommaren 2025. Med eit slikt tiltak, vil ein få meir informasjon og fakta om tilstanden i vatnet, slik at fjellstyret vil får eit godt beslutningsgrunnlag for tiltak vidare. Snittvekta på fisken har dei siste åra gått ned, noko som kan tyda at det er for mykje fisk i vatnet. Hyppigare yngling og mindre garnfiske enn tidlegare *kan* være medverkande årsaker til dette. Hardangervidda fjelloppsyn vil stå for arbeidet.

### **Utsett av fisk:**

Fjellstyret ynskjer å få til utsett av fisk i 2025. Ein vil freiste å søkje om eksterne midlar til dette. Det er ynskjeleg at styret kjem med innspel om kva vatn, og kva område i statsallmenningen ein bør prioritera. Vedtak om utsett i 2025, dvs kva vatn, kostnader og antal fisk vil fjellstyret gjera i løpet av vinteren 2025.

### Framlegg til vedtak:

- Ulvik fjellstyre set i gang arbeid med utbetring av Rundavassbu i 2025. Fjellstyret vil søkja om eksterne midlar.
  - Ulvik fjellstyre gjennomfører tynningsfiske/prøvefiske i Søre Grøndalsvatnet, sommaren 2025, etter nærare plan og omfang. Hardangervidda fjelloppsyn står for arbeidet.
- 

### Referat:

Gjeremål og prioritering vart drøfta. Styret stilte seg bak sakshandsamar si utgreiing, herunder framlegg til prioriteringar.

### Vedtak (sak 32/24):

- Ulvik fjellstyre set i gang arbeid med utbetring av Rundavassbu i 2025. Fjellstyret vil søkja om eksterne midlar.
- Ulvik fjellstyre gjennomfører tynningsfiske/prøvefiske i Søre Grøndalsvatnet, sommaren 2025, etter nærare plan og omfang. Hardangervidda fjelloppsyn står for arbeidet.
- Arbeidet er opprusting av Dyracula vert sett som prioritert, men noko fram i tid, dvs i løpet av ein periode på 2-3 år og innan 2027. Arbeidet er omfattande og kostnadskrevjande og ein treng tid til planlegging og få på plass eksterne midlar.
- Fjellstyret ynskjer å setje ut fisk i 2025. Ein vil freiste å søkje om eksterne midlar til dette. Vedtak om utsett i 2025, dvs kva vatn, kostnader og antal fisk vil fjellstyret gjera i løpet av vinteren 2025. Grunna høge kostnader til fiskeutsett i Finseområdet, er fjellstyret avhengig av eksterne midlar dersom fiskeutsett i dette området kan gjennomførast.

## **33/24: Eventuelt**

### Saksdokument:



Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

---

Referat:

- Leiar tok opp arbeidet med fordeling av den nye informasjonsfoldaren til Ulvik fjellstyre. Utkøyring til innbyggjarar i Ulvik, samt aktuelle verksemdar vert gjort på dagnad av styremedlemmene. Fjelloppsynet fordeler på fjellstyrehyttene og på Finse.
- Dagleg leiar i Fjellstyra på Hardangervidda as (Ole R. Røkenes) har sendt ut framlegg til budsjett for tjenestekjøp til alle 6 fjellstyrer for 2025. Dagleg leiar og styreleiar har i forkant hatt ein gjennomgang av gjeremål i felt, herunder prioriteringar for 2025, ref sak 32/24. Dagleg leiar gjorde greie for prosessen rundt budsjettarbeidet slik det står beskrive i Ulvik fjellstyre sin 5-årige samarbeidsavtale med Fjellstyra på Hardangervidda as. Dagleg leiar gjorde greie for refusjonordninga med Statskog, og detaljar knytta til kvar enkelt timekategori i budsjettet for Ulvik sin del. Styret var samd i samla kostnader knytta til tjenestekjøpet i 2025.